

Kommunane:

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy, Bergen

Knarvik, 14. mai 2014

Nordhordlandspakken – framlegg til likelydane vedtak i kommunane:

1. kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
2. kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
3. kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsretta løyising for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
4. kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
 - vurdere finansieringsløyisingar (auka offentleg innsats etc.).

Styret Nordhordlandspakken AS